

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

TELEFONSTYREMØTE

Møtedato: 12. desember 2019

Tidspunkt: kl. 0900 – 0949

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Margareth Leinebø, Truls Håbakk, Anne Holstad og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S52/19 – S57/19

Vedtakssaker:

SAK NR S52/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S53/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 10. OKTOBER 2019

Tilråding til vedtak:

Protokollen frå styremøtet 10. oktober 2019 vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 10. oktober 2019 vart godkjend.

SAK NR S54/19
GODKJENNING AV REKNESKAPET PR. 31. OKTOBER 2019

Renovasjonsdelen av rekneskapet går stort sett greitt – og betre på hushaldning enn budsjettet. Elles er det stadig utfordrande å budsjettere på slam på grunn av uforutsigbar verksemd / tømeplaner.

Hovudtala pr. 31. oktober 2019 er slik:

- Overskot totalt: + kr 866.000 (budsjett: + kr 88.000)
- Underskot hushaldning: - kr 567.000 (budsjett: - kr 1.122.000)
- Overskot næring: + kr 830.000 (budsjett: + kr 1.164.000)
- Overskot slamtøming: + kr 603.000 (budsjett: + kr 46.000)

Tilråding til vedtak:

Styret tar tala så langt i år til vitande og vedtar rekneskapet pr. 31. oktober 2019.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar tala så langt i år til vitande og vedtar rekneskapet pr. 31. oktober 2019.

SAK NR S55/19
PROGNOSE 2019

Kjende avvik er tatt med i prognosen (med utgangspunkt i rekneskapet pr. 31. oktober 2019). Generelt er forsiktighetsprinsippet nytta. Avskrivingar, inkl. endringane i avskrivningstid, er tatt fullt inn frå aktiveringstidspunktet.

Oppdelt syner prognosen for driftsresultatet følgjande:

- Totalt underskot SSR: - kr 580.000 (budsjett: - 1.363.000)
- Totalt underskot renovasjon: - kr 1.147.000 (budsjett: - 1.367.000)
- Underskot hushaldningsrenovasjon: - kr 1.981.000 (budsjett: - 2.536.000)
- Overskot næringsrenovasjon: + kr 834.000 (budsjett: + 1.169.000)
- Overskot slam: + kr 565.000 (budsjett: + 2.000)

Hushaldningsrenovasjonen er før sjølvkostfonddisposisjonane med omsyn til kalkulatorisk rente. Overskotet på næringsrenovasjonen er før skatt. M.a.o. resultat av årets drift.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande, der prognosen for 2019 syner eit underskot på kr 1.147.000 på renovasjonsdelen og eit overskot på kr 565.000 på slamdelen – totalt eit underskot på kr 580.000 (budsjett: - kr 1.363.000).

Styrehandsaming:

Styret føreset at prinsippa for fordeling av kostnader mellom sjølvkost-verksemda og næringsverksemda blir gjennomgått med revisor som ledd i årsoppgjersrevisjonen.

Vedtak, samr.

Styret tar orienteringa til vitande, der prognosen for 2019 syner eit underskot på kr 1.147.000 på renovasjonsdelen og eit overskot på kr 565.000 på slamdelen – totalt eit underskot på kr 580.000 (budsjett: - kr 1.363.000).

SAK NR S56/19
MØTEPLAN 2020

I forslaget til møteplan for 2020 er det sett opp følgende datoar for styremøte:

- Fredag 27. mars 2020.
- Torsdag 14. mai 2020.
- Torsdag 18. juni 2020 (telefonstyremøte).
- Torsdag 10. september 2020.
- Torsdag 15. oktober 2020.
- Torsdag 10. desember 2020 (telefonstyremøte).
- VAR-konferansen er sett til onsdag 29. og torsdag 30. januar 2020.
- Representantskapsmøta er planlagt til torsdag 14. mai og torsdag 5. november 2020.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar forslaget til møteplan for 2020.

Styrehandsaming:

Styret kom med forslag om to nye styredatoar vinteren 2020 og med ei datoendring.

Vedtak, samr.:

Styret vedtok møteplanen for første halvår 2020 med følgende datoar:

- Fredag 31. januar 2020 kl. 09.00.
- Torsdag 27. februar 2020 kl. 09.00.
- Mandag 30. mars 2020 kl. 09.00.
- Torsdag 14. mai 2020 – etter representantskapsmøtet.
- Torsdag 18. juni 2020 kl. 09.00.
- VAR-konferansen er sett til onsdag 29. og torsdag 30. januar 2020.
- Representantskapsmøtet våren 2020 er planlagt til torsdag 14. mai.

Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:

SAK NR S57/19
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgende:

- Status for nedgravde løysingar.
- Status bankanbodet.
- Selskapskontrollen og vidare kommunikasjon med eigarane framover.
- VAR-konferansen.
- Lønnskostnader pr. desember 2019.
- Regionalt samarbeid i fylket.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 12. desember 2019

George Fulford
styreleiar

Håkon Vestnes
nestleiar

Margareth Leinebø

Edel K. Goksøyr

Truls Håbakk

Anne Holstad

Ole Andreas Sæther

Einar Heimdal
dagleg leiar